



Arkivnr: 2017/453-8

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Arna vgs - Ombygging / rehabilitering**Samandrag**

Skulane i Arna, dvs. Arna vgs. og Garnes vgs. vart med verknad frå 1.8.2016 slått saman til ei økonomisk og administrativ eining. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ein ny samla skule skal etablerast sentralt i Arna og være ferdig hausten 2028.

Den bygningsmessige standarden ved dagens bygg tilseier at det må gjerast vesentlege utbetrinigar for å sikre universell utforming og helseverngodkjenning fram til 2028.

Våren 2017 er det gjennomført ein grundig gjennomgang og arealanalyse for å kartlegge samla behov. Arealanalysen viser at det med ombygging og oppgradering av dagens lokale i Vestlivegen er mogleg å samla alt av dagens aktivitet der. Det er gjennomført ein prosess med skulen og skuleleiinga for å vurdere kva som er gunstig løysing framover. Dei ser store føremoner ved alt no å samle drifta av skulen.

Ved å ta prosjektet over 2 år er det mogleg å prioritere prosjektet innanfor ramma for rehabilitering / ombygging av skulebygg. Ei slik binding ut over inneverande budsjettår inneber at saka må godkjennast av fylkestinget.

I denne saka rår ein difor til at fylkestinget løyver /sett av totalt 51,5 million kroner til å gjennomføre ei rehabilitering/ombygging av lokala på Vestlivegen.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner vidare ombygging / rehabilitering av Arna vidaregåande skule med ei kostnadsramme på 51,5 million kroner.

Budsjettet for 2017 vert endra slik:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 637.020.00	02300	02154	Arna vgs. – Ombygging/Rehabilitering	20 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		20 000 000
				20 000 000	20 000 000

Restsummen på 31,5 million kroner må innarbeidast i budsjettposten for ombyggingssmidler/mindre tilbygg/rehabilitering i 2018

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærstad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:
 Tilstandsvurdering frå Opak
 Rapport frå Norconsult
 Uttale frå AMU ved skulen

Fylkesrådmannen, 14.08.2017

Skulane i Arna, dvs. Arna vgs. og Garnes vgs. vart med verknad frå 1.8.2016 slått saman til ei økonomisk og administrativ eining. I skulebruksplanen er det lagt til grunn at ein ny samla skule skal etablerast sentralt i Arna og stå ferdig hausten 2028.

I FU-sak 51/2017 som mellom anna omhandlar tilrettelegging for media og kommunikasjon er det påpeikt at det er bygningsmessig kapasitet til å samlokalisera alt av dagens aktivitet i Vestlivegen. Våren 2017 er det gjennomført ein grundig gjennomgang og arealanalyse for å kartlegge samla behov, som stadfester denne konklusjonen.

Den bygningsmessige standarden ved dagens bygg både på Garnesstølen og i Vestlivegen tilseier at det må gjerast vesentlege utbetrinigar for å sikre universell utforming og helseverngodkjenning fram til 2028. Dersom ein samlar all aktivitet ved bygget på Vestlivegen og avhendar det tidlegare gymaset på Garnesstølen, vil ein spare midla ein elles måtte nyte til å oppgradera det bygget.

Samlokalisering i Vestlivegen

Skulen og skuleleiinga har vore involvert i prosessen med å vurdere løysingar for å samla alle elevar og lærarar på ein stad. Dei ser store føremoner med eit samla arbeidsmiljø og elevmiljø både sosialt og med tanke på den daglege skuledrifta. Dette gjev ei meir rasjonell og meir fleksibel skuledrift som også frigjer ressursar som er vanskeleg å ta direkte ut i økonomisk innsparing, men som kjem skultilbodet til gode. Ei innvending skuleleiinga har kome med er at ei slik løysing vil gjere det vanskeleg med eventuell utviding av tilbodet ved skulen. Detta kan løysast innanfor eksisterande tomteareal i Vestlivegen, men samstundes tilseier ikkje tilgjengelege prognosar at det vil vere trøng for ein auke i tilbodet i Arna fram mot 2028.

Det er gjennomført ein prosess med skulen, opplæringsavdelinga, eigedomsavdelinga og med Norconsult som ekstern bidragsytar, for å vurdere kva som er gunstig løysing framover. Det er gjennomført fleire møter med skuleleiinga og representantar for tilsette ved skulen. I møte har ein drøfta forslag til løysingar og sett på best moglege løysingar tilpassa skulen sin aktivitet. Løysingane og teikningane som har vore presentert har vore formelt handsama i skulen sitt Arbeidsmiljøutval (AMU) 19.05.17, 12.06.17 og 15.06.17. Frå AMU 15.06.17 er det fatta avgjerd om støtte til samlokalisering av skulen sin aktivitet i Vestlivegen (sjå vedlegg). Vidare påpeiker AMU at skulen legg til grunn ei aktiv involvering i arbeidet med å gjennomføre løysingane for samlokalisering. Fylkesrådmannen har difor skissert opp ein vidare prosess i arbeidet med involvering av skulen.

Investeringskostnadar og venta salssummar

Prosjektet med vidare utvikling av Arna vgs, er kostnadsrekna til om lag 51,5 million kroner inklusiv meirverdiavgift (41,2 million kroner eksklusiv). Frå før er det løyvd 9 million kroner til ombygging for media – og kommunikasjon. Ein rår til at prosjektet vert sett i samanheng og får sams prosjektnummer. Ein rår difor til at samla prosjektramme vert sett til 60,5 million kroner million kroner. Av resterande budsjettbehov rår ein til at 20 million kroner vert løyvd frå inneverande års ramme for ombygging / rehabilitering/ mindre tilbygg i skulesektoren. Resterande 31,5 million kroner må innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2018.

Dersom ein held fram som i dag, med to skulebygg, må begge bygga utbetrast ein del i forhold til universell utforming. i perioden fram til 2028. Behovet for utbetring vil være større på Garnesstølen enn i Vestlivegen. Basert på tidlegare kartlegging av naudsynte UU-tiltak og kalkyle kalkyle legg ein til grunn at kostnaden ved Garnesstølen vil være om lag 14 million kroner og om lag 3 million kroner i Vestlivegen. Vidare har begge bygga behov for generell opprusting i forhold til dagens krav i standard på skulebygg samt behov knytt til vedlikehald. Forsiktig vurdert er det kalkulert med at behovet for oppgradering er om lag 10 million kroner på Garnesstølen og 5 million kroner i Vestlivegen. Dersom ein legg ned på Garnesstølen vil behovet der falle bort medan behovet i Vestlivegen vil bli løyst som ein del av prosjektet.

Tunesvegen er alt fråflytta, og bygget har i vore ute til sal på den opne marknaden. Slik det ser ut no kan ein få om lag 8 million kroner for denne eigedom. Det er vidare innhenta ei vurdering knytt til Garnesstølen

som tilseier ein verdi mellom 8 og 15 million kroner. Pt. legg ein til grunn at sannsynleg netto salgsverdi vil være om lag 10 million kroner.

Driftskostnader

Ved den administrative samanslåinga er det lagt inn ein årleg reduksjon i skuledrifta (undervisning og administrasjon) på 3 mill. frå 2015 til 2017. Dette er ca 2,2 mill. i reduksjon i særskilt driftsstøtte til små eininger og ca 700` i administrasjon. I dette er det ikkje tatt omsyn til skulebygg og lokalitetar.

Når det gjeld samling i Vestlivegen vert først Tunesvegen avhenda/selt og deretter Garnesstølen. Dette inneber ein reduksjon i kostnader for desse bygga når det gjeld reinhald, strøm, forsikring, kommunale avgifter/renovasjon, telefon / dataliner samt eigedomsdrift.

Samla nettoeffekten på innsparing i årlege driftskostnadar knytt til drift av bygg er rekna til mellom 1 mill. kr og 1,4 mill. kr. Ein legg difor til grunn ei innsparing på 0,6 million kroner pr. skulebygg pr. år.

Helsevern

Verken Garnesstølen eller Vestliveien har i dag helseverngodkjenning. Det vil være eit viktig mål for prosjektet at ein oppnår det for eit oppgradert bygg i Vestlivegen.

Oppsummering

I forhold til skule og læringsmiljø vil ei samling av skulen ha store føremoner.

Økonomisk kan ein stille opp følgjande oppstilling:

Samla investering nybygg	51 500 000
Kompensasjon for meirverdigavgift	-10 300 000
Netto salssum Garnesstølen	-10 000 000
Reduserte driftskostnadar Garnesstølen - 10 år	-6 000 000
Behov for UU ved dagens løysing*	-17 000 000
<u>Bygningsmessige behov utan samlokalisering*</u>	<u>-15 000 000</u>
<u>Netto meir - / mindrekostnad</u>	<u>-6 800 000</u>

*Kostnadar ein får sjølv om ein ikkje godkjenner dette prosjektet men som er med / fell bort om prosjektet vert gjennomført.

Tabellen syner at samlokalisering/investeringa med dei føresetnadane som er økonomisk gunstig om ein tar med salssummen for Garnesstølen, og om lag i null om ein ser vekk frå dette.

Fylkeskommunen står føre ei vanskeleg økonomisk periode, og har alt begrensa økonomisk handlefridom. Det framstår som meir sannsynleg at investeringsprosjekter som ligg noko fram i tid vært utsett enn at dei kjem tidlegare enn det som no ligg inne i vedtekne planar. I forhold til ei delt løysing gir samla drift uansett innsparing i årlege driftskostnadar.

Fylkesrådmannen meiner dette samla er eit godt prosjekt og rår til at prosjektet vert prioritert med ei løying på 20 million kroner i 2017 og sett av 2018 på 31,5 million kroner i 2018. Ein legg til grunn at det bør skje innanfor venta ramme for ombygging/rehabilitering/mindre tilbygg i 2018. Det er naturleg et prosjektet blir gjennomført i samanheng med pågående ombygging ved skulen. Ein rår difor til at prosjekta får felles prosjektnummer.

Ved å ta prosjektet over 2 år er det mogleg å prioritere prosjektet innanfor ramma for rehabilitering / ombygging av skulebygg. Ei slik binding, ut over inneverande budsjettår, inneber at saka må godkjennast av fylkestinget.